

1. Styret for Manger folkehøgskule er sterkt uroa for kortsiktige og langsiktige konsekvensar av fylkesrådmannen sitt forslag om reduksjon av tilskottet til drift på nærmare 50 % i 2019. Skulen har dei siste åra gjennomført store innsparingar. Ytterlegare reduksjon av tilskottet vil gjere at ein ikkje kan oppretthalde same kvalitet og tilbod, og reduksjonen vil vere dramatisk å gjennomføre i løpet av eitt år.
2. Styret ber om at Fylkestinget vurderer om det er mogleg å unngå ein så dramatisk reduksjon i driftstilskuddet som framlegget til budsjett 2019 inneber.
3. Skulen si verksemd omfattar ei rekke av Hordaland fylkeskommune sine ansvarsområde og bidreg til:
  - a. Regional utvikling med rekruttering og skaping av arbeidsplassar.
  - b. Viktig kompetanse innan opplæring som styrkjer kvalitet og mangfald innan musikk og kultur, sosialt fellesskap, inkludering og tilbod som kan hindre fråfall hos ungdom. Skulen representerer eit viktig supplement til den ordinære vidaregåande opplæringa.
  - c. Tilbod som styrkjer banda mellom kulturliv og skule med positive ringverknader for det profesjonelle feltet og fritidsfeltet. Det sterke korpsmiljøet i fylket generelt og Nordhordland spesielt representerer stor verdi for skaping av arbeidsplassar så vel som meningsfylte fritidsaktivitetar med stor breidde. Eit vitalt og berekraftig kulturliv har mykje å seie for eit attraktivt bu- og arbeidsområde. Manger folkehøgskule har ei nøkkelrolle i dette.
  - d. Tilbod som har verdi for integrering og inkludering som vil vere nye og viktige oppgåver for fylkeskommunen framover, særleg med tanke på tilbod for dei unge.
4. Det tilrettelagde tilbodet Musikk, bu og fritid (MBF) er viktig for fagleg læring, sosial læring og inkludering for ei elevgruppe med spesielle behov. Desse vil trenge eit anna tilbod dersom tilbodet ved Manger folkehøgskule vert borte.
5. Styret ber Hordaland fylkeskommune vurdere kva moglegheiter det kan vere for å sikre meir føreseielege rammer for Manger folkehøgskule, t.d. gjennom vurdering av rammer for økonomiplanperioden eller om nødvendig vurdere former for eigarskap saman med kommunar/andre på sikt.
6. Styret ser det som det beste for skulen si framtidige utvikling at fylkeskommunen framleis står som eigar.